



## Revisjon ved Toraneset Miljøpark – deponi, Haugaland Interkommunale Miljøverk

Dato for revisjonen: 22. og 29.08 og 14.09.2012  
Rapportnummer: 2012.009.R.FMRO  
Saksnr.: 2012/5084

### Kontaktpersonar ved kontrollen:

Frå verksemda:  
Jorunn Hafstad

Frå Fylkesmannen i Rogaland:  
Margareta Skog (revisor)  
Mariann Størksen (revisjonsleiar)

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten viser avvik som blei avdekka i samband med revisjonen hos Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) på Toraneset miljøpark - deponidelen, den 22. og 29.08 og 14.09.2012. Avvika vart presentert under sluttmøtet på verksemda 14.09.2012.

Fylkesmannen avdekka **2 avvik** under revisjonen:

- 1. Asbest er farlig avfall og skal deklarerast som det**
- 2. Deponiet tar imot blåsesand som er farlig avfall uten at det er krevd kolonnetest av dette.**

Avvika beskrivne frå side 4 og utover i rapporten.

For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må HIM oversende dokumentasjon på at avvika er lukka **innan 01.01.2013**, sjå side 3 i rapporten.

Rapport godkjent: 26.10.2012

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Mariann Størksen  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent av Fylkesmannen i Rogaland

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Organisasjonsnr. (undereining):</b> 973918877	<b>Vert eigd av:</b> 970919910
<b>Besøksadresse:</b> Haraldseidvågen	<b>Telefon:</b> 52765050
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.110 – Innsamling ikkje-farlig avfall	<b>E-post:</b> post@him.as

### Kontrollert anlegg

<b>Namn:</b> Toraneset Miljøpark	<b>Anleggsaktivitet:</b> Deponi
<b>Besøksadresse:</b> Haraldseidvågen	
<b>Postadresse:</b> 5574 Skjold	<b>Risikoklasse:</b> 2
<b>Kommune:</b> 1160 Vindafjord	<b>Løyve gitt:</b> 10.06.2008
<b>Sist kontrollert:</b> 24.09.2009	<b>Løyve sist oppdatert:</b>

## 2. Omfanget av revisjonen

Målet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet fungerer tilfredsstillande. Revisjonen har vore konsentrert om deponidelen av avfallsanlegget. Fylkesmannen i Rogaland har blant anna undersøkt om:

- verksemda sitt system for internkontroll er hensiktsmessig og dekkjande for deponiet
- aktivitetar vert utført slik som dei er beskrivne og uttalt
- verksemda når måla sine, og driver si verksemd innafor eigne rammer, og dei rammer som myndighetene har satt

Revisjonen vart gjennomført ved

- å granske dokumenter
- å intervju sentralt plasserte personar i organisasjonen
- å verifisere (ved stikkprøvekontroll) at rutinar, prosedyrar og instruksar vert fylgt opp i praksis

### Tema for revisjonen:

- Mottakskontroll
- Utslipp til vann

Denne rapporten handlar om dei avvika som vart avdekka under revisjonen og gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksomheita sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

### Definisjonar:

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

**Merknad:** Eit forhold som tilsynsetatane meiner er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

### 3. Oppfølging etter revisjonen

Fylkesmannen i Rogaland avdekka 2 avvik i dei områda som vart kontrollert.

HIM som eigar av Toraneset Miljøpark, pliktar snarast å rette opp avvika som er beskrivne i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må HIM innan **01.01.2013** sende ei skriftlig stadfesting med dokumentasjon som viser at avvika er retta.

Av dokumentasjon treng vi fylgjande:

- Avvik 1: Rutine som sikrar at asbest vert deklarerert som farleg avfall
- Avvik 2: Rutine som sikrar at dokumentasjon på at både ristetest og kolonnetest vert etterspurd for blåsesand som er karakterisert som farleg avfall

Pålegget om å oversenda opplysningar er gitt med heimel i forureiningslova § 49. Verksemda har rett til å klage på vedtaket innan tre (3) dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14.

Ein eventuell klage må grunngjevast og rettast til Fylkesmannen. Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) er klagemyndigheit.

Vi ber om at det i svarbrevet vert vist til vårt saksnummer (2012/5085). Dersom svarbrevet vert send som e-post, ber vi om at denne sendes til fylgjande e-postadresse:

[postmottak@fmro.no](mailto:postmottak@fmro.no)

### 4. Gebyr for revisjonen

Fylkesmannen varsla i brev av 20.06.2012 at vi vurderer å fatte vedtak om at verksemda skal betale gebyr etter sats 3 for systemrevisjonen.

I e-post av 25.06.2012 ber HIM om at lågaste sats, sats 4, vert lagt til grunn som gebyrsats for revisjonen.

Utgangspunktet for gebyrforskrifta er at valt gebyrsats skal dekkje tidskostnaden som forureiningsmyndigheita har med å gjennomføra kontrollen.

Fylkesmannen har allereie brukt mykje ressursar i førebuing og gjennomføringa av revisjonen. Totalt har fylkesmannen ved denne kontrollen brukt ca 3 vekeverk på for-, under og etterarbeid. Det forsvarer bruk av gebyrsats 3. Det forholdet at vi brukte ein (1) dag til intervju, vart i utgangspunktet gjort for å hefte verksemda minst mogeleg. Vi har brukt ekstra tid på å spisse spørsmåla.

Konklusjon: Fylkesmannen vel å ikkje etterkomme HIM sitt ynskje om å redusera gebyrsatsen for systemrevisjonen til lågaste sats.

Dette betyr at det skal betalast NOK 80 200,- i gebyr for gjennomført revisjon. Faktura vil bli sendt verksemda frå Klif.

Vedtaket om gebyr er heimla i forureiningsforskrifta § 39-8 om Gebyr for systemrevisjon (fleirdagstilsyn). Gebyrets størrelse kan klagast inn til Klif, jf. forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre (3) veker regna frå dato på denne rapport.

## **5. Avvik**

Vi fant fylgjande avvik under revisjonen:

### **Avvik 1:**

**Asbest er farlig avfall og skal deklarerast som det**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta § 11-12, jf vedlegg 2 punkt 8

### **Kommentar:**

Asbest er farleg avfall. Alt farleg avfall skal deklarerast

### **Avviket bygger på fylgjande observasjonar:**

Gjennomgang av dokumenter samt intervju.

### **Avvik 2:**

**Deponiet tar imot blåsesand som er farlig avfall utan at det er kravd kolonnetest av dette**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta kap 9 vedlegg 2, punkt 2.3.1

### **Kommentarar:**

Det skal gjennomførast utlekkingstestar for blåsesand som er farlig avfall. Med utlekkingstestar meinast både ristetest og kolonnetest.

HIM deponerer blåsesand av typen farleg avfall med blåsesand som er ikkje farleg avfall. Dersom blåsesand av typen ikkje farleg avfall ikkje vert lagt i same deponicelle som blåsesand av typen farleg avfall, er det berre blåsesand av typen farleg avfall som må dokumenterast med utlekkingstestar.

### **Avviket bygger på fylgjande observasjonar:**

Gjennomgang av dokument samt intervju.

## **6. Merknader**

Det vart ikkje gitt nokon merknader

## **7. Andre forhold**

Av positive funn under systemrevisjonen ynskjer Fylkesmannen å trekkje fram:

- Vårt inntrykk er at dette er ein organisasjon med eit velfungerande internkontroll system som vert bruk i heile organisasjonen

Revisjonen omfatta fylgjande aktivitetar:

- Formøte 22.08.2012:
  - Førebuande møte for å planleggje revisjonen i detalj.
- Intervju og verifikasjonar 29.08.2012:
  - Dei som ikkje hadde delteke på formøtet, fekk hovudinnhaldet forklart før vi stilte dei fyrste spørsmåla.
  - 5 personar vart intervjuet.

- Synfaring på avfallsanlegget herunder sorteringshall, hall for farleg avfall og deponi.
- Vi fikk sjå utvalgte dokument, deriblant dokumentasjon (analyserapporter) som fulgte med blåsesanden.
- Slutt møte 14.09. 2012:
  - Oppsummering med presentasjon av resultata.

I vedlegg 1 har vi satt opp ein oversikt over deltakarar på revisjonen.

Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for kontrollen var:

- aktuelle lover og forskrifter
- korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen
- verksemda sin eigen dokumentasjon knytta til den daglege drifta og til forhold av betydning for helse, miljø og sikkerheit
- utslippsløyve frå Fylkesmannen i Rogaland

## **8. Offentligheit i forvaltninga**

Denne rapporten vil vera tilgjengeleg for offentlegheita via Fylkesmannen sin postjournal på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) (jf. offentlegheitslova).

§§§

## VEDLEGG 1

### Deltakarar ved Fylkesmannen sin revisjon ved Toraneset Miljøpark, gjennomført i tida 22.8 - 14.09.2012

I tabellen under har vi satt opp ein oversikt over funksjonane til dei personane som deltok under formøtet og det avsluttande møtet. Intervjua er og med i tabellen.

Namn	Funksjon	Formøte	Intervju	Sluttmøte
Gro Staveland	Adm.dir	X	X	X
Jorunn Hafstad	Miljørådgevar		X	X
Ole Svendsen	Leiar drift & personal	X	X	X
Håvard Kallestadbakken	Arbeidsleiar Toraneset	X	X	
Karl Olav Tørresdal	Driftspersonale		X	

#### Fylkesmannen i Rogaland si revisjonsgruppe:

Margareta Skog, revisor

Mariann Størksen, revisjonsleiar